

## Til alle innbyggjarar og bedrifter i Austrheim.

Du sit no med den flunkande nye brosjyren om Austrheim i hende. Vi håpar den fell i smak. Brosjyren er eit resultat av eit omfattande merkevarebyggingsprosjekt som kommunen og næringslivet gjennom Austrheim næringsråd har arbeid fram. Målet har vore å setje fokus på Austrheim som ein god stad å bu og som ein god stad å arbeide. Kanskje kan vi med eit slikt fokus få tak i fleire arbeidstakarar for næringslivet, saman med nye spanande bedriftsetableringar, og ikkje minst håpar vi at det kan vere med på å skaffe fleire innbyggjarar i kommunen vår.

Det er ikkje slik at *ei* brosjyre kan gjera underverker. Difor vil vi vera meir aktive i marknadsføring av Austrheim, bli meir synlege, og gjera Austrheim kjend mellom folk rundt om i landet. Vi må fortelje alle at i ***Austrheim finn ein det gode liv!***



Logoen symboliserer det maritime gjennom fargebruken, og utforminga symboliserer straumane som er i stadig rørsle mellom holmar og øyar, og som svingar seg under bruene som bind kommunen saman. Straumane er sterke og i stadig rørsle, og slik kan vi oppleve Austrheim. I stadig utvikling og endring.

Å marknadsføre Austrheim er ikkje ein jobb som berre kommune og næringsliv må stå for. Alle som bur her kan vera med på å marknadsføre Austrheim gjennom å fortelje andre om det gode liv me har her, om gode jobbar, flott natur og gode offentlege tenester. Ja, det å fortelje andre at vi har det godt i Austrheim.

I Servicekontoret på kommunehuset kan du kjøpe diverse t-skjorter med logo og slagord trykt på. Vil du heller ha ein sydvest med logoen på kan du kjøpe også det der. Kanskje kunne dette vore ein flott presang til ungdom som er flytta ut for utdanning og jobb??? Treng du fleire brosjyrar skaffar dei det også.

Vi håpar at denne marknadsføringa av Austrheim gjev resultat i eit enno betre samfunn å bu i, fleire innbyggjarar og fleire arbeidstakarar til næringslivet vårt.

Austrheim, 9.desember 2008



Ole Lysø  
Ordførar

Jan Olav Osen  
Rådmann

Solveig H. Lerøy  
Leiar Austrheim næringsråd